

## VR-sak 15/17: Handlingsplan for regional cruisestrategi 2018-20.

### Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet vedtok «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-20» i møte 10.11.16. I vedtaket går det fram at Vestlandsrådet vil ha utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet. På møte i Vestlandsrådet 11.05.17 vart det presentert ein status og plan for vidare arbeid med handlingsplanen, og Vestlandsrådet bad om at eit utkast av planen vert lagt fram på oktobermøtet (25.10.17).

Handlingsplanen er delt inn i dei to innsatsområda verdiskaping og miljø og klima. Handlingsplanen har som mål å omsette regional cruisestrategi til konkrete tiltak som gjer miljø og klima knytt til cruise mindre sårbart, og samtidig gje auka verdiskaping for reiselivsnæringa. Dette er konkretisert i mål, delmål, strategiar og tiltak. For kvart av tiltaka er det gjort greie for innhald, forslag til kven som er ansvarleg, og vidare kven arbeidsgruppa ser for seg som naturlege samarbeidspartnarar. I botnen av strategien ligg eit mål om ei berekraftig utvikling av cruiseturisme, og at denne utviklinga skjer ut i frå oppdatert kunnskap og kompetanse.

### Kort om arbeidet

Handlingsplanen er utarbeidd av ei arbeidsgruppe beståande av reiselivsrådgjevarane i fylka og konsulent Trond Amland frå 2469 Reiselivsutvikling AS. Amland har følgt arbeidet med forprosjekt, strategi og fekk også oppdraget som konsulent for handlingsplanen etter ei konkurranseutsetjing av oppdraget. Dei næringsansvarlege i dei fire fylkeskommunane har vore styringsgruppe for arbeidet, og vore tett på arbeidet heile vegen.

I arbeidet med handlingsplanen har ein nyttta ulike kjelder for innhenting av relevant informasjon. Då cruisestrategien vart utarbeidd gjekk ein breitt ut for å få inn innspel til arbeidet. Ein del av dei innspela som kom inn då bar preg av å vere tiltaksretta og desse er vurderte i samband med utarbeiding av handlingsplanen. I oppstarten av arbeidet med handlingsplanen vart det gjennomført samtaler med utvalde aktørar som arbeider med cruise, t.d. Innovasjon Norge, destinasjonsselskap og hamnevesen.

Tidleg i arbeidet med handlingsplanen kom Sjøfartsdirektoratet med ein rapport om utslepp i luft og sjø frå skipsfart i fjordområde med stor cruisetrafikk. Rapporten gjev verdifull informasjon som vi har nyttta oss av i arbeidet med handlingsplanen.

### Tankane bak dei utarbeidde tiltaka

Handlingsplanen har som mål å omsette strategiar til konkrete tiltak. Hovudmålet i cruisestrategien er: «Cruiseturismen på Vestlandet skal utviklast som ein del av reiselivsnæringa på ein berekraftig måte slik at ein tek vare på natur, kultur og miljø. Cruiseturismen skal vidare bidra til å auke lokal verdiskaping og lønsemrd i regionen».

Det er venta ein vesentleg auke i cruiseaktiviteten framover. Transportøkonomisk institutt har utarbeidd prognosar som tilseier at tal cruisepassasjerar kan doblast mot 2041. I 2017 er det 17 hamner i regionen som tek i mot cruiseanløp og tal dag-passasjerar stig for kvart år. Frå 2015 til 2017 auka tal dag-passasjerar med om lag 28 %. Dette er dei høgaste tala som er registrert innan cruise både i Norge og i Vestlandsregionen. Det er då endå viktigare å få fram bærekraftige løysingar som inneber at vi framleis har eit rent og godt reiselivsprodukt å selje, og at vi framleis har lokalsamfunn som er attraktive både for

# Vestlandsrådet

fastbuande og besøkande. Med aukande cruiseaktivitet ligg det også eit potensiale i å gjere meir ut av den landbaserte næringsutviklinga. I handlingsplanen har ein konsentrert seg om tiltak innan berekraft og verdiskaping.

Utarbeiding av konkrete tiltak for Vestlandet som region er utfordrande fordi det er stor variasjon i storleiken på reisemåla, og kor stor del cruise utgjer av det samla reiselivet i området. Store byar og store hamner kan ha andre utfordringar enn små hamner i distrikta. Det er viktig å ha dette med seg ved gjennomgang av handlingsplanen. Gjennom handlingsplanen har vi peika på område der regionen samla sett kan setje i verk tiltak.

Ei anna utfordring er fylkeskommunane sitt handlingsrom, og dette er med på å forme tiltaka. Der det ikkje er mogleg å utføre tiltaka innanfor fylkeskommunane sitt handlingsrom, har vi foreslått andre aktørar. Fylkeskommunane har likevel ei viktig rolle som pådrivar og initiativtakar, for å sikre forankring av arbeid, og å støtte opp under godt arbeid. Målet om at Vestlandsregionen skal vere internasjonalt leiande på berekraftig cruiseturisme forpliktar. I arbeidet er UNWTO sine 10 prinsippa for berekraftig reiseliv lagt til grunn. Prinsippa vil integrerast ved å vere rettesnor i alt arbeid med handlingsplanen.

## Innsatsområde miljø og klima

Miljø og klima vert særleg trekt fram når cruise vert omtalt i media, ofte med eit kritisk eller negativt føreteikn. Utslepp i luft og fjord er eit problem, noko rapporten frå Sjøfartsdirektoratet peikar spesielt på. Bortsett frå denne rapporten med målingar av utslepp og foreureining frå tre konkrete fjordar er det mangel på fakta og kunnskap om kor stort dette problemet er. Behovet for tiltak er aukande, men dette må vere basert på oppdatert og relevant kunnskap. Difor vil nokre av tiltaka under miljø og klima handle om å innhente kunnskap og sette dette i system slik at ein kan følgje opp dette over tid. Andre tiltak går i retning av å ta initiativ, oppmode og påverke.

Vi ser no at cruisenæringa sjølv ser eit ansvar for å bli meir miljøvennleg. Nye skip vert bygd med ikkje-fossil energibruk, ny teknologi vert utvikla og cruisenæringa tek etter kvart sjølv meir ansvar for å finne meir miljøvennlege løysingar. Drøftingane i arbeidsgruppa har handla om kva ein ser som den beste løysinga ut i frå den informasjonen vi har om dette. Vi konkluderte med at utviklinga skjer så fort at ein kan ha funne nye og betre lysingar før handlingsplanen er klar for gjennomføring. Merksemda må vere på kva målet skal vere og kva ein ynskjer å oppnå framfor å konkludere med kva metode som er best for å oppnå det. Difor er ikkje forslag til teknologiløysing nemnd spesielt, men ein ber om at det vert greidd ut om ein skal legge til rette for landstraum eller anna form for ikkje-fossil energibruk i regionen.

## Innsatsområde verdiskaping

Cruiseturismen skal bidra til å auke lokal verdiskaping og lønsemrd i regionen gjennom konkrete tiltak. For å oppnå dette er samarbeid på tvers av aktørane som jobbar i cruisenæringa og landbasert reiseliv ein føresetnad. Grad av samarbeid og kommunikasjon mellom cruiseindustrien og landbasert reiseliv varierer på dei ulike destinasjonane slik også innspela til cruisestrategien viser. Cruisenæringa krev høg kvalitet på produkta som skal leverast til cruisejestene. Dette krev kompetanseheving og opplæring av den landbaserte næringa slik at dei kan imøtekome krava frå cruiseselskapa. Det ligg også eit uforløyst potensiale i få servert lokalmat om bord i cruiseskipa. Dette har ein t.d. fått til på Hurtigruta. Dersom ein kan lukkast med dette vil det gje positive ringverknadar også til landbruket som kan få fleire salskanalar.

Eit av tiltaka omhandlar etablering av snuhamn. Det vil seie at eit cruise startar og endar i same hamn, noko som gjer at dei som skal delta på cruiset oppheld seg på staden i tida før og etter cruiset. Dette kan

# Vestlandsrådet

føre til auka landbasert verdiskaping. I handlingsplanen er Bergen og Stavanger nemnde spesielt fordi status som snuhamn krev ein god infrastruktur, m.a. overnattingskapasitet og flyplass med internasjonale ruter. Dette er det berre Bergen og Stavanger som har per i dag. Sjølv om desse byane berre representerer to av fylkeskommunane, vil etablering av snuanløp føre til meir trafikk i dei andre hamnene i Vestlandsregionen og såleis gje positive økonomiske ringverknadar i heile regionen.

Når det gjeld økonomiske ringverknader er det viktig at desse blir utrekna for kvar hamn, sidan skilnadene er så store.

## Om innspel til handlingsplanen og høyring

Då strategi for cruise var ute på høyring kom det innspel som gjekk i retning av å vere tiltak. Nokre av desse er vurderte i samband med utarbeiding av handlingsplanen. I forkant av arbeidet med handlingsplanen vart fleire aktørar invitert til å kome med innspel. Fleire av innspela her gjekk på at det var behov for å klargjere kven som eig og har ansvar for oppfølging av handlingsplanen. Dette er presistert i handlingsplanen ved å legge inn forslag til kven som er ansvarleg og samarbeidspartnarar.

I arbeidet med cruisestrategien gjekk ein breitt ut for å få innspel, og i arbeidet med handlingsplanen har ein også bedt eit breitt utval av aktørar om å kome med innspel. Vi legg til grunn at dei som ynskjer å uttale seg har fått høve til dette i prosessen. Likevel er det riktig at handlingsplanen, slik den ligg føre no, vert lagt ut på ei høyring, men at vi gjer dette noko forenkla. Handlingsplanen vert lagt ut på fylkeskommunane sine nettsider, og vi ber om fråsegn frå dei som har levert innspel tidlegare.

## Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjøre følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet sluttar seg til utkastet til «Handlingsplan for cruisestrategi for vestlandsfylka 2018-2020» slik dette ligg føre.
  2. Handlingsplanen vert lagt ut på ei forenkla høyring med høyringsfrist 02.01.2018. Etter handsaming i kvar av dei fire fylkeskommunane, vert handlingsplanen endeleg vedteken av Vestlandsrådet.
-